

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 03.05.2018  
Vår ref.: 2018/10609-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg fråsegn - gnr. 24 bnr. 10 - landbruksveg.

Me viser til brev datert 25.04.2018 i samband med søknad om å flytta delar av eksisterande landbruksveg på gnr. 24, bnr. 10 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan me ikkje sjå at ny trase kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Nord for det omsøkte tiltaket blei det funne ein hjarteforma pilspiss frå steinalder (Askeladden id. 90649), men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart likevel vurdert til å vera lågt. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så snart som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*